

Rettleiing til Studentweb – Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF)

Innlogging

StudentWeb finn du under Snarvegar på [www.hisf.no/For studentar](http://www.hisf.no/For%20studentar)

Som student kan du logge inn på to ulike måtar:

Med brukarnamn og passord (FEIDE-innlogging)


Brukarnamn og passord er det same som til brukarkontoen din ved HiSF (pålogging datamaskiner, e-post og Fronter). Trykk på "Logg inn" og pass på at det står Høgskulen i Sogn og Fjordane i feltet "Organisasjon".

Med fødselsnummer og PIN-kode

Du kan logge på med fødselsnummer (11 siffer) og PIN-kode dersom du ikkje har brukarnamn/passord ved HiSF. Manglar du PIN-koden kan du få PIN-kode sendt på e-post ved å trykke på knappen "Send PIN-kode til e-post" i påloggingsbildet.

Etter innlogging

Etter innlogging kjem du til startsidea for StudentWeb. Menyen vil du alltid finne til venstre i bilete.

Skulle du stå fast etter å ha logga inn på StudentWeb, kan du trykke på  for hjelp/meir informasjon. Dette symbolet finn du på dei fleste av sidene i StudentWeb. Har du framleis spørsmål, kan du sende e-post til: studentweb@Hisf.no. Hugs å opplyse om namn og studentnummer.

Ein del av punkta i menyen er merka med eit plussteikn, dette markerer at du kan hente opp ein undermeny ved å trykke på plussteiknet. Undermenyane kan variere noko etter kor langt i studieløpet du er komen, og på eit tidspunkt vil den sjå slik ut:



Alle menypunkta blir gjennomgått under.

Menypunkt Registreringar

Det er her du registrerer og oppdaterer av informasjon om deg sjølv og ditt studium. Menypunkta kan endre seg under studieløpet. Før semesterregistrering vil det stå "Semesterreg./utd.plan", og etter registreringa vil det stå "Utdanningsplan del 1" og "Utdanningsplan del 2".

Semesterreg./utd.plan

Her vil du finne ein registreringssekvens som består av 4 trinn.

- Utdanningsplan del 1
- Utdanningsplan del 2
- Adresse
- Målform

Utdanningsplan del 1

Utdanningsplan del 1 skal bekreftast ein gang per studium. Utdanningsplan del 1 inneheld oversikt over kva for lover og reglar du må kjenne til som student ved HiSF. Les nøye gjennom punkta i Utdanningsplan del 1.

Utdanningsplan del 2

Utdanningsplanen del 2 viser dei obligatoriske emna du skal gjennomføre i studiet. Det er her du skal legge inn studieretningsval og valemne, dersom utdanninga du skal ta har ein valfri del.

Planen er delt opp i terminar (semester). Dermed kan du sjå kva for emne du skal ha kvart semester og talet på studiepoeng det tilsvarar. Planen vil også vise oppnådde resultat etter kvart som du gjennomfører emne.

Du skal bekrefte utdanningsplanen del 2 kvart semester, og det er viktig at du gjer deg kjent med innhaldet i utdanningsplanen og fristar for å bekrefte planen.

Meldingar

Oppmelding til undervising og vurdering (eksamen) skjer automatisk når du bekreftar utdanningsplanen. Trykk på blyanten bak meldingane dersom du vil oppdatere noko, eller raudt kryss viss du vil slette meldinga.

Adresse

Kontroller at heimstad- og semesteradressa er riktig. Sjølv om heimstad- og semesteradressa er den same, må du legge inn/kontrollere begge.

*Hugs at du er ansvarleg for at adressene er riktige til ei kvar tid.
Hugs å endre adresse ved flytting.*

Målform

Målform (bokmål eller nynorsk) registrerer du for heile studietida, og dette valet påverkar bl.a. kva for målform som blir brukt i Studentweb.

Menypunkt Innsyn

Her vil du finne informasjonen som er registrert om studentstatus og ditt studieløp.

Vurderingsmelding

Her finn du oversikt over kva du er vurderingsmeldt til (eksamensmeldt). Det er ei rad for kvar vurderingsdel. Når det nærmar seg eksamen vil du kunne sjå dato, romplassering og kandidatnummer her. Hugs at du er ansvarleg for å kontrollere at du er oppmeldt til vurdering (eksamen) i riktige emne.

Resultat

Alle vurderingsresultat du har fått ved HiSF finn du her. For dei fleste emna kan du også sjå statistikk som viser karakterfordeling.

Rapp. til Lånekassen

Høgskulen har automatisk rapportering av studentstatus og vurderingsresultat til Lånekassen, og under dette punktet kan du sjå kva for opplysingar som er rapporterte om deg. For å bli rapportert som aktiv student må du ha gyldig studierett og du må ha gjennomført semesterregistreringa – dvs. betalt semesteravgift (avgift til Studentsamskipnaden – SISOF www.sisof.no og Kopinoravgift www.kopinor.no, og bekrefta utdanningsplanen din.

Menypunkt Betaling

Hit går du for å hente ut den informasjonen du treng for å betale semesteravgift. Her vil du også kunne sjå din siste betalte faktura. Hugs alltid å bruke KID-nummer ved betaling.

Viktige fristar:

Bekrefta utdanningsplan: 15. september for haustsemesteret og 15. februar for vårsemesteret.

Betale semesteravgift: 15. september for haustsemesteret og 15. februar for vårsemesteret.

Symbol i StudentWeb:



Hjelpetekst - Ved å klikke på spørsmålsteiknet, får du fram hjelpetekst knytta til den sida du er inne på.



Endringsfunksjon - Klikk på blyanten når du skal gjere endringar.



Slettefunksjon - Krysset viser at du kan slette ei rad (f.eks. emne eller vurderingsmelding). Klikk på krysset for å slette.



Plussteiknet viser at du kan opne ein undermeny. Klikkar du på plussteiknet vert menyen opna.



Minusteiknet viser at du kan lukke ein undermeny. Klikkar du på minusteiknet vert menyen lukka.



Viser karakterstatistikk

Treng du hjelp?

Send e-post til studentweb@hisf.no eller kontakt Studenttorget, Sogndal eller Servicesenteret, Førde. Du kan også kontakte oss på telefon: 57676000